

Referat frå møte i Alver frivilligsentralar rådgjevande organ 15.01.25

Tilstades: Per Ole Ekker, Ivar Hopland, Gina Blomberg, Randi Kvinge, Birthe Bjørstad

Ikkje tilstades: Stine Eikefet

Saker:

1) Årshjul

Vi diskuterte å lage eit årshjul for frivilligheita, som er meir overordna enn ein kalenderfunksjon i 'Kva skjer'. Det var fleire spørsmål som dukka opp og vi diskuterte oss gjennom desse og landa på følgande:

- Kva skal stå i årshjulet og kva skal ikkje stå der? Større felles hendingar som involverer fleire lag/org og som er opne for alle. Enkeltarrangement som t.d vanlege konsertar eller basarar, skal ikkje stå der.
- Kva er formålet?
 - Til hjelp for planlegging slik at ein unngår kollisjonar.
 - Tidleg informasjon slik at lag/org som vil kople seg på eller invitere til samarbeid kan vere klare over kvarandre.
- Kven lagar det til og korleis får vi innspel?
Frivilligsentralane lagar til og ber om innspel via informasjonsbrev frå Kulturavdelinga. Dei andre i referansegruppa hjelper til med å spreie til sine nettverk.
- Kvar skal det vere tilgjengeleg?
Foreløpig som ei fil som må oppdaterast etter kvart. Den vert liggande på 'Kva skjer' og sendast ut på mail til lag/org. Vi undersøkjer moglegheita for å få ei eiga fane inne på 'Kva skjer' der ein kan legge inn slike hendingar, og at det også hamnar i kalenderen.

Utkast til Årshjul ligg vedlagt og tilgangen til dokumentet er delt med dykk pr.e-post.
Ber om at de skriv inn forslag til arrangement de meiner høyrer heime der, så redigerer frivilligsentralane og publiserer.

2) Kva skjer i Alver?

Frivilligsentralane har gjort ein del endringar på innhaldet på sida, slik at den skal snakke meir til den einskilde innbyggjar i kommunen vår. Under følgjer spørsmål med funksjon og formål for denne sida og kva vi vart einige om.

- Kva er målet med kalenderen?
 - Å syna aktivitet som er tilgjengelig og open for alle.
 - Å få fleire ut i aktivitet og sosiale arenaer
 - Å hjelpe lokal frivilligheit med å nå ut med sine arrangement.
 - Å unngå kollisjonar for arrangør
- Kva skal leggast inn i kalenderen?
 - Opne arrangement som konsert, basar, messer, aktivitietsdagar
 - Det som kan bety noko for nokon!
 - Ikkje faste treningar og øvingar til kor/korps/fotball og liknande.

- Skal andre enn lag/org og kommunale kulturinstansar få eigen brukar/oppføring? Ja, det kan dei få, etter ei vurdering av oss.
 - o Vi vil ikkje opne for undergrupper i ein organisasjon.
 - o Møteplassar som er opne for alle, t.d turgrupper som ikkje høyrer til ein organisasjon, kan få brukar.
 - o Vi vil også opne opp for dei som tilbyr gratis kurs i det offentlege, t.d friskliv&meistring, barnevern, helsestasjon, seniorsenter og liknande om dei ynskjer det.
 - o Komersielle aktørar bør også kunne stå her, men her er det litt uvisst korleis vi skal legge opp til dette. Eventuelt kan vi gje lokalet ein brukar og at dei annonserer det som skjer i lokala: Kyrkja, meieriet, kulturboden, Hordabøhallen?

3) Korleis skal vi få få liv og aktivitet i ‘Kva skjer’?

- Jan/Feb:
Frivilligcentralane lagar til infoskriv og bruksanvisning til lag og organisasjonar og kontaktar andre aktuelle aktørar. Målet for denne perioden er å få ut kode/link til dei som treng det, og få dei til å starte å legge inn sine aktivitetar.
- Mars:
Dersom vi har fått inn tilstrekkelig med oppføringar i kalenderen lanserer vi sida til publikum. Aktuelle kanalr for å få ut bodskapen:
 - o FB-innlegg på Alver Kommune
 - o Artikkel på heimesida
 - o Kontaktet avisene
 - o Flyers på venterom, bibliotek, innbyggjarsørvis ++
 - o Ranselpost
 - o Digitale infotavler

Neste møte vert onsdag 12.mars kl 15.00. Saker til møtet:

- Revidere årshjul
- Status ‘Kva skjer’

Referent: Birthe Bjørstad